



Bygging av mikro- og minikraftverk – sakshandsaming

Dei som skal byggje kraftverk, vil kome i kontakt med ei rekkje lover og forskrifter. Det dreiar seg mellom anna om vassdragsreguleringslova eller vassdragslova, lakse- og innlandsfisklova og plan- og bygningslova. Før bygging tek til, må ein utbyggjar ha avklara dei privatrettslege og dei offentlegrettslege tilhøva.

Dei privatrettslege tilhøva dreiar seg mellom anna om tiltakshavar sin rett til vatnet og det vassfallet som er tenkt utbygd eller om utbygginga kan ha verknader for andre sine rettar. Dette er tilhøve som må avklarast mellom partane.

Dei offentlegrettslege tilhøva dreiar seg om kva offentlege løyve/konsesjonar som kan vere aktuelle i samanheng med bygging av det aktuelle prosjektet. Nedanfor følgjer noko av det ein utbyggjar må vere klar over.

Kva er mikro- og minikraftverk

Mikrokraftverk er nemninga på kraftstasjonar med installasjon mindre enn 100 kW. Minikraftverk har installasjon frå 100 kW til 1000 kW, medan stasjonar med installasjon mellom 1000 kW og 10000 kW blir kalla småkraftverk. Med tanke på konsesjonsplikt har ingen av desse grensene noko å seie.

Vassdragslova

Før bygging av eit kraftverk tek til, må utbyggjar ha fått vurdert planane med omsyn til konsesjonsplikt. Bakgrunnen er at styresmaktene skal vurdere om og i kva grad allmenne interesser blir skada av tiltaket. Mikro-/minikraftverk vil normalt vere så små at dei ikkje er konsesjonspliktige etter vassdragsreguleringslova, men det enkelte prosjekt må vurderast individuelt ut frå skadeverknadene for å avgjere om det er naudsynt med løyve etter §§ 104 – 106 i vassdragslova. Det er NVE som gjer denne vurderinga i samråd med fylkesmannen si miljøvern-avdeling. Allmenne interesser er i første rekkje natur og miljø, men og interesser knytte til kultur og landbruk. Dersom ei utbygging omfattar regulering og/eller overføring av vatn, vil ho normalt bli vurdert som konsesjonspliktig.

Samla plan

NVE har og eit ansvar for at energiressursane blir nytta på ein for samfunnet riktig måte. Det gjeld så vel for små mikro- og minikraftverk som for større prosjekt. Kraftressursane i landet er kartlagt som enkeltprosjekt i Samla plan for vassdrag (SP). Dette er prosjekt som er meint å skulle bidra til kraftforsyninga i framtida. I ei konsesjonshandsaming vil derfor omsynet til SP og ressursutnyttinga bli tillagt vesentleg vekt. Mikro- og minikraftverk må ikkje leggje hindringar i vegen for utbygging av SP-prosjekt.

Verna vassdrag

Stortinget har vedteke at det ikkje skal gjevast løyve etter vassdragslova til å byggje kraftverk i verna vassdrag, men er skadeverknadene så små at det ikkje er naudsynt med løyve, kan dei byggjast. Utbygging i verna vassdrag skal elles handsamast etter same rutinar som andre kraftverk, men dei allmenne interessene skal vurderast strengare.

Det er stor pågang for å få byggje ut mikro- og minikraftverk i verna vassdrag, men hovudregelen er at det ikkje skal byggjast kraftverk i desse vassdraga. For at Stortinget sin føresetnad om vern ikkje skal bli broten, ønskjer styresmaktene å hindre at det vert bygd ei rekkje mindre kraftverk i dei verna vassdraga som i sum har

Norges vassdrags- og energiverk (NVE) er eit direktorat under Olje- og energidepartementet med ansvar for å forvalte landets vass- og energiressursar.

NVE skal sikre ei heilheitleg og miljøvennleg forvaltning av vassdraga, femme ei effektiv kraftomsetjing og kostnadseffektive energisystem og bidra til ein effektiv energibruk.

NVE har ei sentral rolle i beredskapen mot flom og vassdragsulykker og leier den nasjonale kraftforsyningsberedskapen.

NVE er engasjert i FoU og internasjonalt samarbeid innan sine fagområde og er nasjonal faginstitusjon for hydrologi.

NVE har hovudkontor i Oslo og regionkontor i Tønsberg, Hamar, Førde, Trondheim og Narvik. NVE har 330 tilsette.

like stor skadeverknad som eitt større. Ved vurdering av konsekvensplikta vert skadeverknadene derfor vurdert så strengt at det bare unntaksvis blir tillate bygging.

Kan bli pålagt riving

Eit kraftverk skal ikkje byggjast utan at NVE har vurdert konsesjonsplikta. Er det likevel skjedd, skal utbygginga vurderast og eventuelt konsesjonshandsamast i ettertid. Då kan utbyggjaren bli pålagt å endre utbygginga eller å rive anlegget. Det siste er særleg aktuelt i verna vassdrag.

Avtale om sal av kraft

NVE har bede energiverka krevje dokumentasjon på at dei formelle sidene ved bygging av kraftverka er i orden før dei inngår avtale om kjøp av kraft og/eller nettleige.

Slik er sakshandsaminga

- Søkjar skal gjere skriftleg greie for planane og sende dei til NVE, NVE sitt regionkontor, fylkesmannen og aktuell kommune samstundes.
- Fylkesmannen og NVE sitt regionkontor gjer ei forvaltningsmessig vurdering som blir sendt til NVE sentralt.
- NVE avgjer på bakgrunn av fylkesmannen og regionkontoret sine vurderingar om kraftverket vil trenge løyve etter vassdragslova og vurderer samstundes forholdet til andre lover.
- Dersom NVE meiner at utbyggjar ikkje treng løyve, blir saka handsama vidare som ei vanleg byggjesak i kommunen. Bygging av mikro- og mini-kraftverk krev normalt dispensasjon frå arealkrava i kommuneplanen dersom kraftverket er tilknytta el-nettet og ikkje all krafta går til privat forbruk.
- Dersom det blir kravd søknadshandsaming etter vassdragslova, handsamast søknaden

av NVE sentralt. NVE lagar innstilling til Olje- og energidepartementet, og endeleg vedtak vert fatta av regjeringa.

- Det vil kunne ta lang tid, opp mot eit år, frå planar er motteke av forvaltninga til NVE sin vurdering ligg føre. Grunnen er mellom anna at det ofte vil vere naudsynt for sakshandsamarane å synfare utbyggingsstaden. Synfaring må gjerast på bar mark og bør samordnast med andre saker i distriktet.

Skjema

Til hjelp for dei som planlegg utbygging, har NVE utarbeidd eit notat, V-Notat 21/97, om handsaming av mikro-/mini-kraftverk i NVE. Notatet kan ein få ved å vende seg til NVE, NVE sine regionkontor eller fylkesmannen sin miljøvern-avdeling. Kommunane har og fått tilsendt notatet.

For å forenkle sakshandsaminga og sikre at vassdragsstyresmaktene får dei naudsynte opplysningane, er det utarbeidd eit skjema som syner kva for data som trengst for å vurdere konsesjonsplikta. Skjemaet er vedlagt notatet.

Notatet med skjema finnast og på heimesida til NVE på Internett: <http://www.nve.no> under søkeorda vassdragsforvaltning, konsesjonssaker eller mikro-/minikraftverk.

Adresser

**NVE – VASSDRAGS-
AVDELINGA**
Postboks 5091 Majorstua,
0301 Oslo, tlf. 22 95 93 31

NVE – REGION NORD
(dekkjer Nordland nord for Saltfjellet (inkl. Rødøy kommune), Troms, Finnmark og Svalbard),
Kongensgt. 50,
Postboks 394, 8501 Narvik,
tlf. 76 94 41 25

**NVE – REGION MIDT-
NORGE**

(dekkjer Nordmøre, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Helgeland),
Trekanten, Vestre Rosten 81,
7075 Tiller, tlf. 72 89 50 00

NVE – REGION VEST

(dekkjer Hordaland, Sogn og Fjordane, Sunnmøre og Romsdal), Fjellvegen 9, Postboks 53,
6801 Førde, tlf. 57 82 12 44

NVE – REGION SØR

(dekkjer Buskerud, Vestfold, Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder og Rogaland),
Anton Jensens gt 5, Postboks 2124, 3103 Tønsberg,
tlf. 33 37 23 00

NVE – REGION ØST

(dekkjer Østfold, Oslo, Akershus, Hedmark og Oppland),
Vangsveien 73, 2300 Hamar,
tlf. 62 51 24 00

NVE | DIALOG

Informasjon frå
Norges vassdrags-
og energiverk

Kontoradresse:
Middelthuns gate 29

Postadresse:
Postboks 5091, Maj,
0301 Oslo

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00

Ansvarleg:
Informasjonsdirektor
Sverre Sivertsen

Fagansvarleg:
Anne Hustveit

Grafisk form:
Bentzen.Bakken

Oslo, september 1997